

TRADISJON OG HISTORIE



Nyevegen mellom Prestegarden og Sperla i 1926, 10 år etter at han stod ferdig. Den kjende fotografen Anders Beer Wilse vitja Jostedalen dette året.

Foto: Norsk folkemuseum

100 år sidan fyrste bilruta til Jostedalen

Tekst: Oddmund L. Hoel

«Det anbefales at Sogns automobilselskap faar erhverve automobilfart i Jostedalen fra den tid veistyret bestemmer under betingelsen af at kjøringen foregaar efter faste ruter, der tilstrækkelig bekjendtgjøres og at indenbygds folk faar reise med selskapets automobiler for halv fragt.» Slik vart ein av dei største revolusjonane i samferdsla i Jostedalen skriven inn i protokollen til kommunestyret, og vedtaket vart jamvel gjort den 17. mai 1916.



Eit bilfylgje ved Jostedalsbreens Turisthotell. Sjøfører er Samuel Berge. (Fylkesarkivet, ukjend fotograf, eigar: Sogndal sogelag)

Bak Indre Sogns Automobilselskap stod den føretaksame hotelleigaren Peder J. Næss (1856–1924) frå Nes i Luster som i 1913 opna nybygde Hofslund hotell i Sogndal. Han var ein føregangsmann i reiselivsnæringa i Indre Sogn. Automobilten hadde funnest ei stund, og Sogn og Fjordane vart fyrste gong vitja av ein bil i 1901 då ein nederlendar humpa seg over Filefjell og ned til Lærdal. Interesse for det nye framkomstmiddelet var aukande, og frå kring 1910 vart det skipa ei rekkje

rutebillag i landet. Dei fyrste bilrutene på hovudvegane i fylket kom i desse åra, frå Fagernes og Gol til Lærdal og Vadheim–Sandane. Privatbilar fanst knapt, så det var rutebillag og hotell som stod føre trafikken. Biltrafikken var regulert, difor måtte ein ha løyve frå fylket, og kommunen skulle uttale seg om søknaden. Det gjorde altså kommunestyret i Jostedalen 17. mai 1916.

Peder Næss og 18 andre framstående menn i Indre Sogn hadde bede inn til aksjeteikning i Indre Sogns Automobilselskap i januar 1916. Ein av dei 18 var læraren Lauritz Kronen i Jostedalen, og ein annan jostedøl, handelsmannen Melchior Yttri, sat i styret i selskapet. Det gjekk trekt med aksjeteikninga, men i april kunne dei skipe selskapet og kjøpe inn ein 7-seters Chandler frå Bergen som kom med dampskip til Sogndal ein junidag i 1916. Dei fyrste bilrutene

sommaren 1916 gjekk Sogndal–Fortun måndag, torsdag, laurdag og søndag, og Sogndal–Jostedalen på tysdagar. Det tok drygt tre og ein halv time frå Sogndal til Elvekrok. Etter få år vart ruta utvida til to turar i veka. Elevane til Lauritz Kronen fekk raskt nytte godt av bilinteressa til læraren. Sogns Tidende kunne 10. juli 1916 fortelje om ein skuletur som læraren og 17 skuleborn hadde vore på:

«Dei gjekk frå heimbygdi yver fjellet til Luster og saag sanatoriet, fylgde so baaten til Amble og saag museet der kom so til Sogndal og saag seg um her. Og fraa Sogndal fekk dei so fylgja automobilen innover. Alle 17 born med læraren fekk so vidt plats. Dette maatte vera ein framifrå gild tur, som serleg læraren bør ha takk for. Desse borni høyrer til langt uppe i Jostedalen, og dei fleste av dei hadde ikkje set sjøen fyrr.»

Vedtaket i kommunestyret 17. mai hadde òg eit anna punkt: Ein var uroa over at «de gamle veier er skrøbelige» og at bilkøyninga ville auke slitasten. Dette var eit velkjent problem. Grusvegane var laga for hest og kjerre, ikkje for tyngre motoriserte framkomstmiddel, og den dårlege standarden på vegane var lenge ei hindring for biltrafikken. Opninga av den fyrste bilruta i Jostedalen fall saman med opninga av ei ny viktig vegstrekning gjennom gjøla frå Sperla til Prestegarden. Det same kommunestyremøtet 17. mai 1916 hadde føre ei sak der denne vegstrekningen var ferdigstilt og vart overteken av kommunen «til almindelig vedlikehold». Gamlevegen hadde gått – og går framleis – over Gardsåsen. Bilar hadde køyrt der, men nyevegen gjorde det langt enklare å ta seg fram. Køyrevegane gjennom Haukåsgjølet og Fossøygjølet var bygde i 1890-åra og hadde

INDRE SOGN.	
Storslagen Turistrute.	
Indre Sogns Automobilælskap trafikerer Ruten: Sogndal—Forthun, Sogndal—Jostedal.	
JOSTEDAL-BRÆENS TURISTHOTEL — JOSTEDAL	
Nyt førsteklasses Hotel. Storslagen Beliggenhet ved Nigardsbræen. Aapnes 25de. Juni.	
TØRVIS HOTEL Marifjæren. Aapent hele aaret.	HOTEL HOF LUND Sogndal. Aapent hele aaret.
FASTE GJESTER MOTTAGES. RIMELIGE PRISER.	
Henvendelse for samtlige til Reisebureauerne eller direkte: Adr. Hoteleier Peder J. Næss, Hotel Hofslund, Sogndal.	
TURTAGRØ HOTEL — JOTUNHEIMEN	
Aapnes 15de Juni. Henvendelse til Reisebureauerne eller Indehaveren: Ola Berge, Forthun.	

Jostedalen vart i åra etter 1916 del av eit nytt reiselivssystem i Indre Sogn. Peder Næss var involvert i drifta både av Hofslund, Tørvis og det nye Jostedalsbreens Turisthotell (1920), Ola Berge dreiv Turtagrø, og både to var sentrale i Indre Sogns Automobilselskap (1916). Dette vart marknadsført samla. Annonse frå Bergens Tidende, 30.4.1921.

den gongen opna Jostedalen for hestekøyrety.

Frå sommaren 1916 kunne ein altså ta seg greitt med bil frå Gaupne til Kroken, men framleis var vegstandarden dårleg, og kommunestyreprotokollane er fulle av vegsaker. Den 3. juni 1916 uttala kommunestyret seg om planane for vegen framafor Høgebrui, og misnøya var stor. «Av de skadelige omstendigheder synes det fuldstændigt forfeilet, at bygge vei paa begge sider av Jostedalselven fra Høgebro–Espe og Høgebro–Snaapebro [Gjerde] i en længde av ca 4 klm. paa hver side. Paa anlægget Høgebro–Espe er 14 gaardsbruk, paa anlægget Høgebro–Snaapebro kun 1.» – Dessutan var vegen Mosevollen–Snåpebrui «meget utsat for svære sneskrede, der stænger færdselen ret som det er.» Kommunestyret meinte det var av «uvurderlig stor interesse for hele bygden» at hovudvegen gjekk gjennom Krekane, og ein var svært

lite lysten på å sitje med vedlikehaldskostnadene på to parallelle strekningar, for Krekane måtte uansett ha veg. Men slik gjekk det ikkje. Hovudvegen vart bygd over Hesjevollen, og brua Espe–Gjerde er framleis ikkje komen.

Bilrutene til Indre Sogns Automobilselskap frakta mest turistar, og dei gjekk berre i sommarsesongen. Næss satsa både på transport og hotell. I 1919 kjøpte han ein ny motorbåt, berre nokre år etter at dei fyrste motorbåtane var komne til fylket. Han vart sett i trafikk frå Flåm til Sogndal slik at dei som kom med tog frå Oslo eller Bergen, kunne få skyss ned Flåmsdalen – dette var før Flåmsbana – og kome seg vidare til hotellet til Næss i Sogndal. I 1918 kjøpte han òg Tørvis Hotell i Marifjæra, og sommaren 1920 opna Jostedalsbreens Turisthotell i Kroken som Næss hadde fått bygd i lag med Lars Elvekrok og ei gruppe investorar. Næss styrte

då eit heilt reiselivssystem i Indre Sogn med kopling til Bergensbana der hotellet og bilruta i Jostedalen stod sentralt. No kunne Nigardsbreen nåast med berre to dagars reise frå Kristiania eller Bergen, og ein kunne jamvel ta inn på eit hotell med god standard når ein var komen til Jostedalen.

Næss satsa friskt, men som mange andre fekk han problem under den økonomiske krise etter 1920. Indre Sogns Automobilselskap måtte gje opp drifta og fekk nye eigarar, som kalla det Indre Sogns Automobillag. I 1936 vart det overteke av fylkeskommunen som skipa Sogn Billag, som seinare gjekk inn i Fjord1 og Nettbuss. Rutetilbodet vart gradvis betre utover i mellomkrigstida, og i 1930-åra kom det nokre bilar i Jostedalen som vart viktige for bygdefolket. Det fyrste drosjeløvet i dalen fekk Knut T. Bakken

i 1939. Frå 1929 trong ein ikkje lenger løyve for å ferdast med bil i Jostedalen. Vedtaket var meir framsynt enn grunngjevinga: Kommunestyret frigav biltrafikken i «vissa [om] at so snart bilfeberen kring bygdene gjev seg, vil bilkøyringa på Jostedal verta heller liti – utanom den naudsynlege

trafikkferdsla som bygdi treng». Så feil kan ein ta. I dag ser me at bilen med sju sete som byrja å køyre ein tur i veka Sogndal–Jostedalen i 1916, førde med seg ein samferdslerevolusjon som skulle få varige og store verknader for bygda.

Kjelder og litteratur:

- Kastet, Håvard: «Bilfeber og turisthotell». Kjelda (nr. 3) 2009, s. 34–37. – Mange opplysningar og sitat ovanfrå er henta herifrå.
- Møtebok for kommunestyret og formannskapet i Jostedalen, møte 17.5. og 3.6.1916, digitalisert utgåve på fylkesarkiv.no.
- Peersen, Harald: På hjul mot framtida. Bilrutekøyring i Sogn og Fjordane gjennom 75 år. Sogndal: Norges rutebileierforbund, Avd. Sogn og Fjordane

1985.

- «Peder J. Næss», «Hofslund Hotel» og «Rutebiltrafikken i Sogndal» i allkunne.no
- Avisklypp (digitaliserte utgåver på nb.no)
 - Aftenposten, 27.3.1919, 3.6.1919, 19.7.1919
 - Bergens Tidende, 11.5.1916, 6.5.1916, 15.11.1916, 17.2.1917, 8.4.1917
 - Morgenbladet, 20.7.1913
 - Norsk Kundgjørelsestidende, 24.1.1916



#JOSTEDALSKVARDAG

Aina har skote si fyrste rype i dag! #jostedalskvardag 11.okt.
Foto: Terje Kvam



#JOSTEDALSKVARDAG

Piggdekka må på. #jostedalskvardag 13.okt.
Foto: Johanne Grov